



Arkivnr: 2014/21799-5

Saksbehandlar: Sunniva Schultze-Florey

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		11.11.2014
Fylkesutvalet		19.-20.11.2014
Fylkestinget		9.-10.12.2014

### Lokal forskrift om inntak til International Baccalaureate i Hordaland fylkeskommune

#### Samandrag

Lokal forskrift om inntak til International Baccalaureate-tilbodet i Hordaland fylkeskommune er heimla i forskrift til opplæringslova § 6-2. Forskrifta kjem i tillegg til lokal inntaks- og formidlingsforskrift i fylkeskommunen, som vert handsama i eiga sak.

#### Forslag til innstilling

- 1 Fylkestinget vedtek lokal forskrift om inntak til International Baccalaureate i Hordaland fylkeskommune slik ho er lagt fram i vedlegg til saka.
- 2 Lokal forskrift om inntak til International Baccalaureate i Hordaland fylkeskommune trer i kraft 1.1.2015.
- 3 Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre endringar i den lokale forskrifta.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 27.10.2014

I nytt kapitel 6 i forskrift til opplæringslova vert det stilt krav om lokal forskrift om inntak i fylkeskommunen. Framlegget til forskrift kjem i tillegg til lokal inntaks- og formidlingsforskrift i fylkeskommunen, som vert handsama i eiga sak. Hordaland fylkeskommune har i dag tilbod om International Baccalaureate-program ved Bergen Katedralskole, og framlegget til forskrift er utvikla i samarbeid med skulen.

Framlegget til lokal forskrift om inntak til International Baccalaureate i Hordaland fylkeskommune har vore på høyring til dei vidaregåande skulane, elevorganisasjonen, lærarorganisasjonane, LO og NHO. Høyringsfristen var 23. oktober 2014. Det har kome høyringsfråsegn frå Bergen Næringsråd og International School of Bergen.

Bergen Næringsråd stiller seg negative til forslaget om endra inntakskrav for Vg2 IB Diploma Programme. Dei meiner at dette vil gjere Bergen mindre attraktiv for internasjonal arbeidskraft og vil gå imot arbeidet som har vorte gjort dei siste åra og opprettinga av Senter for Utanlandsk Arbeidskraft.

International School of Bergen (ISB) har kome med kommentarar til § 5 og er særstak negative til framlegget om endra inntakskrav til Vg2 IB Diploma Programme. Dei meiner at dette bryt med praksis i Hordaland dei siste 20 åra og skil seg frå praksis i resten av landet og internasjonalt. Dei syner til framlegget til ny friskulelov der regjeringa gjer framlegg om å endre praksis slik at godkjenning og tilskot vert gjeve i tråd med den føretrekte modellen til International Baccalaureate Organization. Vidare hevdar skulen at elevar med reell trøng for internasjonal utdanning tidlegare har vorte prioriterte ved inntak og ynskjer dette tilbake.

ISB har følgjande framlegg til ordlyd i § 5 (1):

*«Vilkår for inntak til IB Diploma Programme er at søkeren har i prioritert rekkefølge anten:*

- fullført eit 5-årig Middle Years program eller tilsvarande internasjonal utdanning
- bestått Vg1 studiespesialiserende med førebuande IB
- bestått Vg1 studiespesialiserende»

ISB har også kommentarar til karakterkrava for inntak. ISB er imot at det vert spesifisert at søkerane må ha 1T matematikk. Dei viser til at det er små skilnader mellom kompetansemåla i matematikk på MYP 5 og 1T, og at skilnadene ikkje er relevante som forkunnskapar til matematikkundervisninga på IB Diploma Programme. Vidare peikar dei på at det er ein skilnad i engelskundervisninga for dei som har engelsk som morsmål og arbeidsspråk ved ISB, og elevar som har engelsk som framandspråk i andre undervisningsopplegg. ISB finn at deira elevar har forkunnskapar i engelsk som gjer at dei er godt førebudde til å følgje IB Diploma Programme.

ISB har følgjande framlegg til ordlyd i § 5 (2):

*«For å kvalifisere til inntak til IB Diploma Program må søkerne som har søkt inntak bygd på Vg1 studiespesialiserende, ha minst karakteren 4 i matematikk og 5 i engelsk, i tillegg til gjennomsnittskarakter på minst 4,5. For søkerar med Middle Years-program eller anna type internasjonal utdanning blir avgjerd om inntak teken etter ei individuell vurdering kor karakternivå på sentrale fag som matematikk og engelsk og gjennomsnittskarakter setjast i samanheng med den følgde undervisningsmodellen.»*

Det har ikkje kome kommentarar til dei andre reglane i framlegget til forskrift.

Fylkesrådmannen merkar seg at det er stor motstand mot framlegget om å endre inntakskrava til Vg2 IB Diploma Programme og endrar framlegget til § 5 i forskrifta som følgjer:

### § 5 Inntak til IB Diploma Programme

- (1) *Vilkår for inntak til IB Diploma Programme er at søkeren har bestått Vg1 studiespesialiserende med førebuande IB (pre-IB), Vg1 studiespesialiserende, MYP 5/Grade 10 frå IB eller tilsvarande.*
- (2) *For å kvalifisere til inntak til IB Diploma Programme må søkeren ha minst karakteren 4 i matematikk og 5 i engelsk, i tillegg til gjennomsnittskarakter på minst 4,5.*
- (3) *Søkerar kan verte bedne om å ta ei opptaksprøve dersom det er uklårt om søkeren er kvalifisert.*

Fylkesrådmannen har fjerna setninga om at MYP 5 eller Grade 10 frå IB ikkje kvalifiserer for inntak til IB Diploma Programme. Dette er gjort etter ei samla vurdering av motstanden mot dette i høyringa. Det vert vektlagt at Bergen Næringsråd finn eit slikt krav uheldig for næringa, og i tråd med føresegna i Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 er det viktig å sikre eit godt samarbeid mellom næringspolitikken og utdanningspolitikken i fylket. Det er ingen andre fylkeskommunar som per i dag krev Vg1 for inntak til Vg2 IB Diploma Programme, og det er ikkje heldig om Hordaland er åleine om å ha eit slikt krav.

Vidare kom regjeringa med framlegg til ny friskulelov etter at framlegget til forskrift vart sendt på høyring. Der tek dei opp att intensjonane frå Sundvollen-erklæringa om å legge til rette for internasjonale skular i tråd med den føretrekte modellen frå International Baccalaureate Organization, som er direkte overgang frå MYP 5/Grade 10 til IB Diploma Programme.

Fylkesrådmannen er ikkje samd i at det bør innførast prioriteringsreglar for inntak ut over krava til karakterar. Søkjarane sin utdanningsbakgrunn bør ikkje vere avgjerande for om dei vert tekne inn til IB Diploma Programme. Målgruppa for tilbodet er elevar som ønskjer ei internasjonal vidaregåande utdanning, uavhengig av kvifor dei ønskjer dette. Dei kan vere alt frå søkerar frå utlandet som er her for kortare eller lengre tid, til elevar som har gått i norsk grunnskuleopplæring og som ønskjer seg vidare internasjonal (høgare) utdanning og karriere.

Fylkesrådmannen har òg fjerna kravet om 1T matematikk og har innført eit nytt tredje ledd der det er opna for opptaksprøve dersom det er uklårt om søkeren sin utdanningsbakgrunn gjer han/henne kvalifisert for inntak. Gjennom ei slik prøve kan det sikrast at elevane som vert tekne inn, faktisk er godt nok rusta til å følgje det krevjande utdanningstilbodet som IB Diploma Programme er.